



Arkivnr: 2015/3516-3

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		12.05.2015
Fylkesutvalet		19.05.2015

**Søknad frå Hardanger og Voss museum om løyve for veteranbåtrute på strekninga Lofthus - Aga - Utne****Samandrag**

Stiftinga Hardanger og Voss Museum har søkt om løyve for veteranbåtrute på strekninga Lofthus – Aga - Utne.

Fylkesrådmannen rår, på bakgrunn av saksframstillinga, til at søknaden vert imøtekomen på dei vilkår som går fram av forslag til innstilling.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet tildeler Stiftinga Hardanger og Voss Museum, org.nr 987 927 704, løyve for båtrute på strekninga Lofthus – Aga - Utne på følgjande vilkår:
  - a) Ruteløyvet gjeld veteranbåtrute.
  - b) Ruteløyvet tek til å gjelde frå den dato administrasjonen har motteke og godkjent den dokumentasjon som er sett som vilkår i yrkestransportforskrifta §§ 4 b), 4 c), 6 og 7.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Fylkesrådmannen, 15.04.2015

Bakgrunn

Stiftinga Hardanger og Voss Museum, org.nr 987 927 704 (HVM) har i epost av 15.12.14 søkt om løyve for veteranbåtrute på strekninga Lofthus – Aga - Utne. Fylkesutvalet skal på grunnlag av ei behovsprøving avgjere om søknaden skal imøtekomast eller ikkje, og kva vilkår som skal setjast for løyvet.

## Saksopplysningar

Fylkeskommunen har dei seinaste åra finansiert om lag halvparten av HVM sitt budsjett.

I søknaden frå HVM heiter det m.a følgjande:

Hardanger og Voss museum har eit prosjekt der vi koplar drift av veteranbåtar med reiselivet i Hardangerfjorden. I 2015 ynskjer vi å gå 40 dagar med veteranbåten Atløy i Sørfjorden. Ruta er ei rundreise med utgangspunkt i Lofthus. Vi går tre rundar pr dag, dagleg i seglingsperioden. Ruta går som fylgjer: Lofthus, Aga, Utne og tilbake til Lofthus. Ruta er utvikla som ei rundreise. Vi ser ikkje at vi konkurrerer med anna rutegåande transport. Ullensvang næringsforum som driver turistinformasjonane på Lofthus, Utne og Kinsarvik har gjeve tilbakemelding på at når rundturen gjekk i sommar så genererte den meir trafikk også til hurtigbåten som går i fjorden.

Pris for ein rundtur er 330,-, for born over 15 år 165,-. Halv pris om ein ynskjer å fylge båten ein legg av rundturen.

Rutetidene er lagt opp med tanke på korrespondanse med snøggbåtruta på Hardangerfjorden og Skyss sine bussruter til/frå Lofthus. Det er lagt opp til servering av lokal mat og drikke om bord i skipet.

Biletet til venstre under syner MS Atløy. I faksimila, av marknadsføringsbrosjyra går det fram at målgruppa



MS Atløy

Marknadsføringsbrosjyre for den planlagte ruta.

er turistar frå inn- og utland. Illustrasjonsbiletet der syner MS Granvin, då dette skipet var planlagt nytta i ruta, men det har i ettertid synt seg at det ikkje let seg gjere i år.

Det er i søknaden lagt opp til tre daglege rundturar i perioden 26.juni – 4. august i år. HVM ønskjer å drive ruta årleg, og har difor søkt om ordinært ruteløyve. Etter lovendring 01.01.15 skal alle ruteløyve som vert tildelt gjelde i 10 år, men det er høve til å trekke dei attende i samband med innføring av konkurransen.

Skyss har ikkje merknader til søknaden.

HVM er i arbeid med å innhente den lovpålagte dokumentasjon på vandel og økonomi som må vere på plass for at ruteløyvet kan skrivast ut. Fylkesrådmannen legg saka fram parallelt, slik at det ved ei eventuell godkjenning av søknaden vil vere høve å starte opp ruta når det er planlagt.

### **Fylkesrådmannen si vurdering**

Etter det fylkesrådmannen kan sjå vil den omsøkte ruta ikkje vere i konkurranse med Skyss sine ruter. Det er meir sannsynleg at den kan generere auka passasjertal på Skyss sine ruter i området. Slik fylkesrådmannen vurderer det vil ruta kunne bli ein attraksjon som kan stø opp under den lokale turistnæringa elles, både ved at den vil utvide mangfaldet og ved at den vil knyte einskilde turistmål tettare saman. På grunnlag av dette rår fylkesrådmannen til at søknaden vert imøtekomen når naudsynt dokumentasjon er motteken og godkjent.